

Halling- ljom



Lagsblad for Hallinglaget ~ i Oslo ~

Nr. 1/14

INNHALD

Innholdsliste	side	3
Fyriord	side	4
Innkalling til årsmøte	side	6
Gode bilde frå 2013	side	7
Minikurs i hallingspringar	side	8
Årsmelding for Hallinglaget	side	9
Program for våren	side	13
Årsmelding for Hallingbu	side	14
Lagsinformasjon	side	16
Folkemusikkveka på Ål	side	17
Karin Code er tilbake	side	18
Hardingfela til Hallinglaget	side	19
Fleire bilde frå 2013	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Fyrst ynskjer eg alle i Hallinglaget eit Godt Nytt år!

No startar jubileumsåret 2014! Det er mange jubileum i år, mellom anna at det er 200 år sidan me fekk Grunnloven! Det vil ikkje gå upåakta hen; og det kan bidra til meir fokus på å ta vare på kulturarven vår. Siste året var eit aktivt år i Hallinglaget, laget var med og deltok i lagdans på dei sentrale kappleikane: Buskerudkappleiken, Landskappleiken og Oslokappleiken. Om me ikkje var veldig gode, så fekk me fine premiar på dei lokale kappleikane, og dette kom dansegjengen til gode ved at me kunne kose oss me spekepølse og tilbehør på øvingskvelden etter. Lagdansen skaper også eit godt samhold i laget, og det er moro sjølv om me ikkje er så gode, for me får betre kontakt med dei som er meir aktive og verkeleg gode.

Drifta av Nordahl Bruns gate går så det susar, og gjelda er endeleg borte og ein har no evne til å pusse opp og vedlikehalde garden på ein skikkeleg måte. Alle har vel sett den flotte fasaden ut mot Nordahl Bruns gate? – den er no i fin burgunder farge. Den er so fin at eg antakeleg tar med enno eit bilde av den; og så fin at sjølv taggerane ser ut til å gå forbi garden vår! Siste året vart Halli og lokala utanfor pussa opp, og lokala har fått eit lyst og fint preg. Det høvde bra at jobben var ferdig akkurat til BLS sitt 90-års jubileum som vart feira med ein sær sars triveleg fest 8. november. Det var fredagen før det vellykka helgekurset vårt som me hadde same helga (9. og 10. november). Så det vart ei sær sars aktiv og triveleg helg, for helgekurset samla opp mot 40 personar, der dei fleste var nøgde etterpå. Ein stor takk til alle som møter opp og bidrar til at tilskipingane våre går så bra. Så lenge folk kjem vil me halde fram med dette, for det er viktig å halde kontakten med Hallingdal. Denne gongen var det stordansaren Håkon Tveito som instruerte, og folk meldte seg på. Einaste skår i gleda var att det var få folk med frå Hallingdal; dei skjønar nok ikkje kor fin dans me har i dalen vår, eller så er dei så altfor opptekne – det siste liknar hallingen.

Hyblane og leilegheitene i Nordahl Bruns er no leigd ut til skikkelege folk som betalar for seg! Olav Thon sa til meg at var det eit utruleg kaos i leigeavtalene som dei no har fått rydda opp i. Igjen ein stor takk til Olav Thon Gruppen som tok på seg drifta av garden vår i fem år, der me kvar år får tilført opp mot to millionar meir enn under vanstyret tidlegare. Så når dei fem åra der Thon hjelper oss er over, må me verkeleg vite kva me gjer! Anten må me ha hjelp av eit profesjonelt utleigefirma, eller så må me tilsetja ein stødige person som sørgjer for ryddige avtaler og orden i garden.

Det er difor sær sars viktig at styre og stell fungerer i Nordahl Bruns gate 22. Hallinglaget vart utfordra til å skaffe ein person til Valnemnda i BLS dette året (sjølv om me fekk med ein person i fjor også). Ingen meldte seg i år; så no må underteikna vere med og sørgje for at dei gode folka i styra fortset og at me får med nye folk der det trengs. Alle skjønar no at utan hus er det ikkje liv laga for dei små bygdelaga i hovudstaden. Så her må me alle stå på!

I siste meldinga frå Olav Thon rett før jul, stadfestar han at garden no er verdt 100 millionar.

Så er det nokon som vil vere med å administrera garden (no er det ekstra lett då drifta er sett bort), så gje beskjed. Arbeidet er vanlege styresaker og å planlegge nye oppussingsprosjekt!

Eg gjentek det eg skreiv i fjor: ”Garden vår er arvesylvet til Bygdelaga. Garden må fortsetja å vere ein samlande stad for alle laga i BLS, der alle er likeverdige, og bli ein bastion for den folkelege amatørkulturen i hovudstaden. Her må alle som driv med folkedans, gamaldans, folkemusikk, song og teater få drive med det dei er mest glade i!

***Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!
Bli med å dans i året som kjem ...
Kos dikkon med Hallingljom!***

*Beste helsingar
frå Terje Grangård
Leiar i Hallinglaget*



Fasaden av Nordahl Bruns gate 22 etter at den var pussa opp sommaren 2012. Igjen takk til Olav Thon for dei 4 millionane som er brukt til oppussing på ein sær god måte. Fotograf: Terje Grangård

*Diktet på dansediplomen vår er skriven av Oddmund Vestenfor,
og blir delt ut til dei som er med på 75% av danseøvingane våre:*

***"Dans deg ledug, dans deg laus,
lat fela fylle hold og haus!
Sit 'kje sturen, slapp og bleik,
hiv deg ut i frilynd leik!."***

ov.

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2014 I HALLINGLAGET I OSLO

**Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget
Onsdag 19. februar kl. 19.00
i
Blåsalen
Nordahl Bruns gt. 22.**

Sakliste:

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2013
4. Godkjenning av rekneskapen for 2013
5. Arbeidsplan for år 2014
6. Fastsetjing av prisar og medlemspengar
7. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3-4), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 5. februar 2014.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2013, har røysterett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte.

Vel møtt!

Dei beste bilda frå 2013:



*Takk til dei som var med å skapte moroa på Helgekurset helga 9. – 10. november.
Vår spelkvinne Hilde Kirkebøen lengst til venstre og instruktør Håkon Tveito lengst til høgre.*



*Styret i Hallinglaget 2013 - 2014: Frå venstre er Berit Grøtt Ellefsen, Sigbjørn Galdal,
Else Mohn, Terje Grangård, Elin Berget og Simon Hesselberg Løvald.*



*Nokre av dei **gode dansarane** som held dansen i gang på øvingane i Hallinglaget.*

MINIKURS i HALLINGSPRINGAR

Sundag den 26. januar i Halli kl. 18.00

Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved Knut Skrindo som får hjelp av jentene i laget.
Dansespel ved vår særst gode spelkvinne Hilde Kirkebøen.

Kom aleine, som par eller fleire i fylgje. Dansarane i Hallinglaget er mobilisert!

Inngangspengar: 120 kroner som gjeld for heile Folkedanskvelden.
Hugs at det kvar sundag er Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate!

Ta med deg danseskoa og kom og dans! Alle er velkomne.
Oppfordring til alle: Drive litt PR for denne kvelden, så fleire lærer seg dansen vår ...

Merk dykk at det i år er intense Folkemusikk dagar på Ål siste helga i mai og enda meir intense Landskappleik dagar på Geilo siste veka i juni! Sjå program og møt opp!

Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2013

Styret:

Leiar: Terje Grangård
Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen
Kasserar: Elin Berget
Skrivar: Sigbjørn Galdal
Styremedlem: Else Mohn
Styremedlem: Simon Hesselberg Løvald

Hyttestyre:

Hyttesjef: Else Mohn
Medlemer: Michel Gascoin, Trond Roseth, Hilde Kirkebøen og Ingrid Eidsmo.

Bladnemnd: Terje Grangård, Svein Aasen og Hans Kilen.

Valnemnd: Ola R. E. Imset, Grete Iversen og Svein Aasen.

Danseleiar: Berit Grøtt Ellefsen

Hallinglaget hadde årsmøte den 20. februar i 2013. Dette året hadde Hallinglaget 43 fullt betalande medlemer og 9 bimedlemer. Av medlemene var det tre unge personar under 26 år. Laget håper å få med endå fleire unge neste år.

Dette året har vore eit godt danseår, der mange gode spelemenn og kvinner har spelt for oss. Våren 2013 hadde laget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar i Blåsalen i Nordahl Bruns gate 22, samt ei ekstraøving for dei som dansa lagdans på Landskappleiken på Røros. Alle som spelte for laget denne våren, spelte hardingfele, og det var Hilde Kirkebøen, Ola R. E. Imset og Atle Haugen.

Hausten 2013 hadde Hallinglaget 7 hallingspringarøvingar/lagskveldar. Hilde Kirkebøen, Ola R. E. Imset, Eilev G. Myhren, Atle Haugen og Bjørn Aasheim spelte. På mest alle øvingane dette året er det servert heimebaka kake, noko folk set stor pris på. Øvingskveldane har hatt eit oppmøte på 12 - 22 personar. Styret synes at det viktigaste laget gjer er å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden. Som nytt av året hadde med ein gjestespelemann 6. oktober, då gav Tron Steffen Westberg oss ei polskule som me seint vil gløyme. Dette var så vellykka at me vil satse på meir av dette til neste år. Men me er klar over at utan våre faste gode spelemenn/kvinner hadde ikkje laget overlevd, så dette er meir som krydder for om muleg å få enno fleire med i springardansen!

Dette året er det halde tre styremøte i Hallinglaget der me planlegg aktivitetar og drift. Det har ikkje vore tid til fleire, for alle i styre og stell har vore svært opptekne. Styremøta har me halde i lagsrommet vårt innafor kjøkenet i Nordahl Bruns gate, på ein onsdag før springarøvingane har starta. Til mat er pizza servert. Som tidlegare år er stemninga på styremøta svært god. Elles er epostmeldingar og telefon nyttig i lagsdrifta og blir mykje brukt.

Hallinglaget har arrangert 2 minikurs i hallingspringar på sundagar dette året òg! (27. januar og 15. september). Minikursa er på ein og ein halv time før Folkedanskvelden startar. Desse kursa samlar minst 20 deltakarar med folk i alle aldrar og dei skapar god blest om dansen vår. Laget rettar ein stor takk til dei som gjorde desse kursa mogeleg. På fyrste minikurs var Simon Hesselberg Løvald instruktør og Ola R. E. Imset og Atle Haugen spelte, På det andre minikurset var Knut Skrindo instruktør og Hilde

Kirkebøen spelte. Merk dykk at minikursa i Nordahl Bruns gate på sundagskveldane er svært bra! Her kan ein repetere eller prøve seg på nye dansar, alt frå Rørospols til Springleik! Spesielt polskursa er populære, dei samlar jamt over førti deltakarar. Heldigvis er også hallingspringaren så populær at minikursa går i pluss! Me får også skryt av at me har ein time med fri springardansing etterpå. Neste år kan me ikkje ha det, for då skal alle krefter settes inn for å få fullt trykk på dansen i Storsalen kl. halv åtte.

Hallinglaget deltok i lagdans på Buskerudkappleiken som i år var på Hemsedal 3. – 5. mai! Det utrulege var at det denne helga kom så mykje snø at det var full vinter heile vegen oppover Hallingdal! Men Fausko Skysstasjon var topp for dei som våga seg dit! Hallinglaget var einaste laget som klarte å stille opp i snøen! - så me vant og fekk ei sær s innhaldsrik premiekorg som me åt opp på øvinga etterpå. Laget takkar alle som deltok, nokre av dei som var der budde godt på eit stabbur i bygda. Dei som dansa var Else og Oddmund, Elin og Terje, Heidi og Olav Arne, Anne og Simon, samt Nora og Torstein frå Geilo. Øyvind Brabant og Ola R. E. Imset spelte for oss, så musikken var topp! Kappleikshelga har eit fyldig referat i Hallingljom 2/13 (siste utgåva i fjor!).

Nokre medlemmer frå Hallinglaget var på Den norske Folkemusikkveka på Ål, siste helga i mai (23.- 26. mai). Her var det utsøkt musikk og dansespel, så alle som ville fekk dansa metta si! Også her er det fyldig referat i førre utgåve av Hallingljom. Men nokre høgdepunkt må nemnast: konsertar med Stein Torleif Bjella med Band, Jan Beitohaugen Granli, Daniel Sanden Varg, Ulf-Arne Johannessen, Hilde Kirkebøen, Øyvind Brabant, Thorleif Stave og Anders L. Herfoss. Dansespel ved mange av dei nemnte, samt Toradertrioen, Haugerud/ Fingarsen/Evje og Sundre Jetset. Nytt av året var laustevlinga midt i gågata på laurdagen. Med heilt topp vær og dansegolv der ein sjølv kunne prøve seg, før ekspertane tok over er det ikkje overdrive at det var svart med folk i gågata Myhren. Eg helste vil ikkje på færre enn fire tidlegare leiarar i Hallinglaget. Den nye Folkemusikkvekesjefen, Ulf-Arne, klarte seg godt!

Bygdelagsstemnet på Bygdøy 2. juni samla i år for lite folk frå Hallinglaget. Sjølv om det totalt var bra frammøte, Stemnet fylte heile 60 år og me som var der åt opp ei sær stor og god blautkake under feiringa av jubileet. Dei 3-4 para som kunne danse hallingspringar, dansa ein liten halvtime etter spelet til Eilev G. Myhren. Takk til Eilev og til dei som dansa, men neste år må me bli fleire!. Hugs at Hallinglaget skaffar fribillettar til dei som vil danse og til dei som er medlemmer i laget. Og er været bra er det ei oppleving å danse ute i vakkert landskap.

Den årlege Spikjikkjøtturen til Hallingbu gjekk av stabelen onsdag 12. juni. Været heldt, heilt til me skulle ned att, så alle som var med var nøgde. Me ti som var med fekk benka oss rundt langbordet inne og så åt me det me klarte! Det er ikkje berre spikjimat om folk trur det, det blir meir og meir å kose seg meg, til døme super dessert og kaffi og kaku. Og oppryddinga går som ein lek då det er så mange dugande folk med.

For sjuande året på rad stilte Hallinglaget på lagdans under Landskappleiken, som dette året var på Røros og på torsdagen! Imponerende at me klarte å stille med fem par så langt av stad, men heldigvis er det mange i laget som skjønar at Røros vel er eit av dei beste stadene ein kan ha Landskappleik. Det vart som vanleg, sjeldsynt moro der! Ein fekk oppleve dansegleda! Så takk til dei som tok seg fri og deltok! Laget takkar Berit Grøtt Ellefsen og Oddmund Vestenfor, Anne Stuvøy og Geir Tretterud, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal, Heidi Wie og Olav Arne Løstegaard, Elin Berget og Terje Grangård. Me hadde kjempebra dansespel – både Øyvind Brabant og Ole R. Imset spelte for oss! Men me vart visst for gravalvorlege, då me måtte vente lenge før me kom på scena og me hadde ingen innøvde triks. Då blir ein av dei siste, me slo vel berre eit lag eller to, men me hadde det veldig moro for det.

På Oslokappleiken laurdag 26. oktober stilte Hallinglaget også opp i lagdans! Hilde Kirkebøen spelte for oss og me fekk med heile seks par. I år måtte me sjå oss slått både av Numedalslaget som vant føre Valdreslaget og så oss. Fint var det at alle laga fekk ei søkkande god spekepølse og godt flatbrød som var ete opp på øvinga etter. Lagdansen gjer så mykje moro for dei som er med og for dei som et pølse på øvingane. Stort var det at Hallinglaget tok utfordringa og fekk ordna me ny vandrepremie i klassa Lagdans Hardingfele. Premien er ei stor rosemåla bolle (måla av Gerd Glomsrud frå Gol). Det laget som fyrst får tre napp vinn bollen til odel og eige. Også i år hadde Hallinglaget ansvaret for drift av baren som drog inn ein del peng til alle laga som var med på å skipa til kappleiksfesten. Men endå fleire må møte opp på neste Oslokappleik, i år kolliderte den me litt for mange andre arrangement.

Også dette året skipa Hallinglaget til eit søkkande bra helgekurs i hallingspringar, helga 9. – 10. november, der alt klaffa. Hilde Kirkebøen spelte oss inn i takta og me hadde fått Håkon Tveito, ein av våre beste hallingspringardansarar frå Leveld i Ål, til å halde kurset. Han gjekk grundig gjennom dei ulike turane, også nokre sjeldne, og synte dei på ein særns god måte. Her må eg også takke dei jentene som var med og synte dansen med Håkon. Som underhaldning på sundagen, fekk me dei to Frikarane som var med på kurset, Anders Aasberg og Simon Hesselberg Løvald, til å danse ein lausdans for oss. Imponerende at nokon kan danse slik!

Den einaste negative kommentaren eg fekk var at me ikkje bytta dansepartner ofte nok!

Og maten som kvinnene i Styret laga til fekk skryt som fortent, den smaka topp begge dagane.

Hallinglaget var tilskipar av Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 14. april og 10. november. Begge desse gongene spelte Enebakk Spelemannslag der Ola R. E. Imset er med og spelar. Det er kjekt for Ola spelar nokre hallingspringarar for oss i pausa, slik at alle får sjå den fine dansen vår. Alle må merke seg at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen! Kvar søndag er det gode spelgrupper som spelar til dans der. Om me ynskjer at dette dansemiljøet i hovudstaden skal bestå, må folk ta seg ein tur nokre sundagar i året. Og ta gjerne med dykk ein danseglad person til, slik at me blir fleire. Eg foreslår at me satsar på ein søndag kvart halvår, der Hallinglaget stiller opp med fullt mannskap og set fart på dansen i Storsalen. Det kjem ei melding om dette utpå våren.

På juleavslutinga den 4. desember vart det ”berre” lefsekling, ulike kake og mandarinar! Me prioriterte dansen med tre spelemenn! Både Ola R. E. Imset som fekk med seg Sigrid Marie Østvold (frå Flå) og Hilde Kirkebøen spelte for oss til halv ti.

Hardingfela til Hallinglaget var også dette året leigd ut til Peter John Warner, ein ung kar frå Ås som er medlem i laget. Han var så sporty at han kvitterte med nokre slåttar dette året, så me fekk høyre korleis fela til Hallinglaget lèt! Dette kan skje dette året også, så laget gler seg over at fela vår er i bruk hos ein ungdom som vil lære.

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar og er leiaren sitt hjartebarn. Etter mange års innsats måtte Randi melde pass denne hausten, heile trykkeriet ho jobba på vart lagt ned denne sommaren. Siste utgåva trykte me hos CopyCat og tok den i svart-kvitt for å spare peng! Arbeidet med lagsbladet er veldig viktig både for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader for lagsdrifta. Hallingljom er ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje har også dette året laga aktivitetsguidar for våren og hausten og har oppdatert nettsidene våre på www.hallinglaget.net.

Dette året mottok Hallinglaget diverse stønad frå Sparebank 1 Hallingdal, Nes Prestegjelds Sparebank (no Skue Sparebank) og frå Studieforbundet for kultur og tradisjon i Vågå. Tilskipingane våre har også dette året gått bra, så 2013 har vore eit godt år for Hallinglaget. Hallinglaget rettar ein kjempestor takk til alle som bidreg og som tar i eit tak for laget.

Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet! Hallinglaget set stor pris på at folk skriv og engasjerer seg i det som me driv med. Vel møtt til eit nytt år, no skriv me 2014.

Leve Hallinglaget!

*8. jan 2014,
Terje Grangård*



Bildet frå ei pause på ei triveleg springarøving i 2013. Det er normalt fleire enn 15 til stades.

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

8. jan.	Springarøving kl. 19.00.
22. jan.	Springarøving kl. 19.00.
5. feb.	Springarøving kl. 19.00.
5. mar.	Springarøving kl. 19.00.
19. mar.	Springarøving kl. 19.00.
2. apr.	Springarøving kl. 19.00.
30. apr.	Springarøving kl. 19.00.
14. mai	Springarøving kl. 19.00. Utdeling av diplom til ihuga dansarar.

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 26. januar: Minikurs i hallingspringar,
før Folkedanskvelden kl. 18.00. Hilde Kirkebøen spelar!
Det blir instruksjon i ein og ein halv time ved xxx . **Møt opp!**

Onsdag 19. Februar: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!
Startar presis kl 19.00 i Blåsalen. Alle medlemmer er velkomne.

Sundag 16. mars: Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden frå kl. 19.30.
Denne kvelden er det **Enebakk Spelemannslag, med Ola R. Imset**, som spelar.
Dei er gode og det kan bli nokre hallingspringarar i pausa!

5. april: Buskerudkappleik på Kongsberg! Her vil nok Hallinglaget delta!

24. mai - 1. juni: Folkemusikkveka på Ål!
Kr.H.farts helga! Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta nokre fridagar i mai og bli med! Hallinglaget vil leige hytter på "Satakroken" Camping.

Sundag 1. juni: Bygdelagsstemnet på Bygdøy!
"Kollisjon med Ål", men Hallinglaget satsar på å danse ein halvtime i tre – fire tida.
Dei som dansar og dei med bunad (samt alle medlemmer i BLS) kjem inn gratis!

Onsdag 11. juni: Spikjikjøttur til Hallingbu!

25. juni – 29. juni: Landskappleik på Geilo! Hurra!
Landskappleiken vil samle mykje folk og Hallinglaget satsar på Lagdans på heimebane!

VELKOMNE SKAL DE VERA!
Meir info. på www.hallinglaget.net

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (48 20 46 52), (grangard@online.no)
Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), (beritsatelier@hotmail.com)
Elin Berget: (98 01 99 10), (elinberg04@hotmail.com)

Årsmelding Hallingbu 2013

Det har vori mange fine turar til Hallingbu i løpet av året, både dagsturar og overnattingsturar. Det har nok vori mest hygge, og mindre dugnad. Her kan eg berre takke meg sjølv, og ser fram til å slå nokre slag for det gode praktiske arbeid i 2014.

10 februar tok Svein, Elin og Mari seg ein skitur i Lillomarka. Dei gjekk frå Snippen via Movatn til Sinober. På Sinober var det så mykje folk at dei gjekk vidare og spiste nista si på Hallingbu, der det alltid er triveleg.

Frå Spikjikkjøttur 12 juni skriv Terje: «Den årlege Spikjikkjøtturen til Hallingbu gjekk av stabelen onsdag 12. juni. Været heldt, heilt til me skulle ned att, så alle som var med var nøgde. Me ti som var med fekk benka uss rundt langbordet inne og så åt me det me klarte! Det er ikkje berre spikjimat om folk trur det, det blir meir og meir å kose seg meg, til døme super dessert og kaffi og kaku. Og oppryddinga går som ein lek då det er så mange dugande folk med.»

Denne hausten vart det fleire bærturar til og i området rundt hytta. Svein og Terje var sjølvskrivne, og Terje hadde ein tyttebærtur der han aleine plukka 2 liter bær på Åsenhaugen (sjølv sagt oppkalla etter bærkongen Svein).

Mari har bruka hytta ved fleire høve, fyrste gongen 11 oktober. Ho ringde meg, og i skumringstimen kom ho innom for å låne nykjelen. Vegen til fots kjende ho ikkje, men Mari har «vore ute ei vinternatt før», så utstyrt med ei noko diffus forklaring frå meg, ein nykjel eg ikkje var 100 % sikker på, lommelykt og ein kompis, la ho i veg. Undervegs hadde me telefonkontakt da me alle tre lura på kva for eit vatn dei gjekk rundt og rundt., og må seie at eg var glad da meldinga kom etter nokre timar om at dei var på hytta og gromkosa seg der. Her er hennar eigne ord: «Etter en strabasiøs impulstur en fredagskveld (uten kart og kompass, i stupmørtna og uten kjentmann;) kom vi etter 2 timer og lange omveier (var omtrent bortom Buvollen en tur - snakk om bomtur;) fram til Hallingbu! Vi var ganske happy med at vi hadde funnet riktig bu og hadde fått låne riktig nøkkel av Else! Så ble det viltgryte og en dram til kvelds og brura (Mari) slokna etter første drammen, mens kavaleren (Bjørn) måtte finne vatn og ved og holde varmen i gang på peisen. Lørdagen (12. okt) var det strålende vær og frokost på trappa. Vi var en tur bortom Sinober for en vaffel før vi fant stien vi burde ha funnet i går;) Herlig tur!»

Michel er ein god og kjend Hallingbu-ven, og avslutta sesongen for i år med ein herleg måneskinstur 17 desember, der han hadde ein flott kveld. Dagen etter laga han nødplakat til hytta.

Den gler eg meg til å sjå!

Ser eg framover i 2014, er planane å gjere opp resten av veden, beise hytta, ta ein rundvask inne, og i godt felles samråd felle nokre fleire tre rundt hytta for å få meir ljøs på tunet. Og så har Berit store planer om å sy ferdig fleire puter.

Eg gler meg til stille tid i roen Hallingbu og skogen gjev, til muntre treff med gode vener, og til samarbeid og musklar rundt dugnadsprosjekta. for det å skape noko saman, stort eller smått, det er ein stor ting.

Godt nyttår og vær velkomne i 2014 !

Else

God-dagar

Ved Andreas Sandsdalen (Seljord)

Vakne om morgon og kjenne deg glad
synast at livet er moro å ha.
Rise or sengi når soli ho sprett
kjenne deg svolten og eta deg mett-
-Det er god-dagar.

Gange til møte med sol og med dag
puste inn lufti i hungrande drag.
Kjenne kvar einaste tog i din kropp
dirrar og spelar i levande hopp.
-Det er god-dagar.

Gå ut i dagen og skapa eit verk,
vita at du maktar fordi du er sterk.
Mota og ung og med barnsleg tru
som millom himmel og jord byggjer bru.
-Det er god-dagar.

Kjenne du trøytmar når soli mot kveld
nærmar seg nattstad bak blånande fjell
sovne frå alt som eit barn i fang
utan å vita at natti er lang.
-Det er god-dagar.



Beste turfølgje ein kan ha, Elin Berget og Mari Nustad, på ski ved Sinober ein vinterdag.

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2014

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort skal ligge ved fyrste sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Betal snarast råd, dvs. i fyrste kvartal. Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet. Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar søndag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Informasjon om andre folkemusikktilskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
-

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Og som vår kjære kasserar Elin Berget i laget vårt sier:

Som kasserer er eg veldig fornøgd med dette :-). Eg var akkurat innom for å prøve lycka på lotto i kveld. Der fikk eg registrert Hallinglaget som min grasrotmottaker ... det betyr klingende mynt i kassa vår. Hurra!

Vi må sende ut en e-post til medlemmene våre som informerer om at folk har mulighet til å velge Hallinglaget som grasrotmottaker! Hallinglaget får 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Extra. Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Folkemusikkveka på Ål 2014

Frå 24. mai - 1. juni,

dvs. **KristiHimmelfartshelga, og for oss frå Oslo (29. mai - 1. juni)**

Det blir mykje bra folkemusikk og dans under Folkemusikkveka i år også, så kanskje me får fyllt opp meir enn ein leilighet på Satakroken Camping?

Saksa frå nettet, omsett te Nynorsk:

” Folkefest på Sundre 24.05 - 01.06.14! Folkemusikkveka samlar kvart år i slutten av mai, folkemusikkutøvarar og publikum fra inn- og utland til fleire dagar med konsertar, konkurransar, kurs og festivitas i Ål.

I år kan du mellom anna oppleve: Hallingdal Kraftlag, Arne Moslåtten, Steinar Ofsdal, Villniss, Haugerud/Fingarsen/Evje og Olav Luksengård Mjelva!

Både fredag og laurdag blir det musikk og dans ute i miljøgata Myren!”

Og kontinuerleg gamaldans av beste merke både fredag- og laurdagskvelden.

Ein godbit for dei som er så heldige å vere på Ål alt onsdagen:

Onsdag 28. mai kl. 20:00 i Storsalen: VILLNISS

Nyskapande, vakker dans med urframføring i Ål kulturhus!

Dansegruppa Villniss har skapt eit eige univers i denne forestillinga. Dei raude sjala dansar av seg sjølve, snøen sviv rundt i springartakt og nordavinden bles frå alle kantar. Midt i dette står 6 nysgjerrige musikarar og dansarar som i ulike naturelement møter kvarandre og seg sjølve. I ei leiken, ekspressiv og stemningsfull forestilling utforskar Villniss tilhøvet til naturen og skifta i dei ulike årstidene.

Villniss Dansekompani er den nye aktøren innan sceniske folkemusikk- og folkedans-produksjonar i Noreg. Villniss vart til som resultat av eit felles ynskje om å utforske det forteljande i dans og musikk, og utfordre sameksistensen mellom levande musikk og dans på ei scene.

Forestillinga er ein samproduksjon mellom Villniss Dansekompani, Folkemusikkveka og Ål kulturhus.

På scena: Margit Myhr, Andreas Ljones, Anders Löfberg, Silje Onstad Hålien og Ådne G. Kolbjørnshus.

Kommentar: Ja, der skulle alle i Hallinglaget ha vori ...

Tilbake til Norge og Hallinglaget

Det føles så godt å komme tilbake til Norge etter 13 år. Noen av dere kanskje allerede vet hvem jeg er, men la meg gi dere litt bakgrunnsinformasjon. Jeg er en amerikansk felespiller som danset og spilte fele i flere bygdelag i Nordahl Brunsgate for mange år siden. Jeg bor i delstaten Michigan og er en fiolinlærer/bratsjlærer og utøver det. Jeg begynte å studere hardingfele i 1990 på et skandinavisk musikk og dans workshop i West Virginia. Etter å ha deltatt på det ble jeg fanget av lyden av hardingfela. Jeg har studert alt jeg kunne finne om norske folkekunst--fela og bygdedans nemlig-- siden den gang.



Bilde av Karin og David Loberg Code som er professor i musikk. De har fire flotte barn: Kjartan på 23, Larena på 20 og tvillinger på 10 som heter Astrid og Mai Elise.

Mitt fokus på hardingfele er distriktene i Valdres og Hallingdal. Jeg har deltatt på mange seminarer om Hallingdals slåttemusikk og springaren. Hilde Kirkebøen har undervist i USA flere ganger. Andre kjente har kommet til i de siste årene, og jeg har deltatt på mange kurs. Bjørn Lien og Sigrunn B. Svenkerud har kommet for å undervise dans og det har også Sissel Rudningen, Ingunn Stræte Lie, og Ulf-Arne Johannessen. Blant spelemenn må jeg nevne Olav Luksengård Mjelva, Øyvind Brabant og Arne Anderdal som har lært bort sine låtter.

Jeg har vært med som ansatt på flere workshops rundt om i USA siden jeg var her sist. De som jeg beskriver nedenfor var de med fokus på Hallingdal hvor jeg underviste, spilte fele for dansekurs eller spilte på scenen. I 2002 var jeg vikarspelemann i West Virginia for Egil Syversbråten som vart sjuk og ikke kunne komme. Jeg spilte hallingspringar i timevis på syv dager med Bjørn Lien og Toril Stave Kvalvågnes. Samme år kom jeg til Ål for å opptre på Den Norske Folkemusikkveka sammen med mange amerikanere. Øyvind Brabant og jeg samarbeidet og opptrådte sammen i Wisconsin i 2003. For to år på rad fokuserte Hardingfele Association of America seg på dans og musikk fra Hallingdal. Jeg var

danseklassens spelemann for disse workshopene. Sist høst kom Ulf - Arne Johannessen til Chicago for å gjøre et kurs med springar som jeg spilte for. Hver vår er det en spesiell workshop i Washington DC hvor vi fokuserer på springarer fra ulike distrikter, inkludert Hallingdal. Jeg blir invitert de fleste årene dit. I 2010 reiste jeg til California for å gjøre den årlige workshop under den amerikansk Thanksgiving på hallingspringar. Hallingspringaren er mest populær på vestkysten av Amerika. Som dere kan lese er jeg blitt velsignet med så mange muligheter å spille hallingspringar i utlandet. Jeg får reise mye for å spille hardingfele, men det er svært lite dans i mitt hjem område av Michigan.

Det finnes mange som kan danse springar der borte og spille hardingfele. I hele landet er det kanskje omtrent 200 som kan danse hallingspringar. Vi har omtrent 150 hardingfele spillere, og blant disse kan 5-10 spille til hallingspringar.

Jeg er veldig glad for å være tilbake til å bli med deres hyggelig og ivrig gruppe igjen! Jeg er takknemlig for deres utrettelige leder Terje som har holdt kontakt med meg i Statene. Jeg gleder meg til å danse med dere fram til sommeren, og jeg håper å spille for dere

Karin Loberg Code (<http://codestudiostrings.com/>)

NB: Karin vil spille for oss alt på øvinga 5. februar. Velkommen!

HARDINGFELA TIL HALLINGLAGET

Hallinglaget har ei Einar Løndal hardingfele frå 1983, som laget kjøpte i 1996 for 18.500 kroner. Fela er ikkje verst og ho har dei siste tre åra vore leigd ut til Peter John Warner som har lært mykje. Det var svært gledeleg at han kvitterte med ein liten konsert i fjor, det var godt gjort! Peter John er nøgd med fela og vil få leige ho lenger om ingen andre melder seg. Men eg må vise til ”Felereglane” (dei som ynskjer det, kan få dei tilsendt). Reglane sier at etter to år skal fela leigast ut til ein ny person om det er fleire som vil leige ho! Etter å ha leigd fela i to år må ein vite om ein vil investere i si eiga fele, og det er solidarisk at ein ny person får prøve seg.

Kravet til den som leiger fela er at vedkomande er medlem i Hallinglaget, og at ein setter på nye strenger når ein leverer fela tilbake! Prisen for å leige fela har dei siste åra vore 800 kroner, og det er rimeleg for Hallinglaget betaler forsikringa! Prisen kan blir auka med ein hundrelapp dette året (Styret avgjer!). I reglane er det også nemnt eit depositum for å få leigd fela, men det har me ikkje praktisert. Me synes det er nok at den som leigar fela forsikrar at ein er interessert og vil ta vare på hardingfela etter beste evne!

Ekstra moro er det at Peter John har lova ein ”ny konsert” dette året. Då me alle i laget er so danseglyde, kan me kanskje gjera det om til ei danseøkt? Då han kjenner heile spelgruppa ”Vrang”, kan han kanskje få med ein eller fleire av dei? Det vil i såfall bli ein storhending i laget, med gjesteartistar som i alle fall undertekna set veldig stor pris på!

Terje



Prmiebordet på Oslokappleiken! Den rosemåla bollen vart skjenka av Hallinglaget.



Øvingskveldane i hallingspringar er det viktigaste som Hallinglaget gjer!

Folkedanskveldar våren 2014

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!
Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.

Dato	Storsalen kl. 19.30 -22.45	Halli, minikurs 1800-1930	Arrangør lag
5. jan	De Frilynde	Rørspols	Folkedansnemnda
12. jan	Bærum spelemannslag	Bingsjøpolska	Sogn- og Fjordaneringen
19. jan	Brødrene Odde	Springleik frå Vågå	Hordaringen
26. jan	Fanteladdane	Hallingspringar !	Numedalslaget
2. feb	Bærum spelemannslag	Bodapolska	Sogn- og Fjordaneringen
9. feb	Eiker spelemannslag	Stildans	Symra
16. feb	NMH Folk	?	?
23. feb	Vinterferie – utgår!	---	---
2. mar	Østerdølenes spellmannslag	Valdresspringar	Valdreslaget
9. mar	Steinsgårdskroken	Rørspols	Hordaringen
16. mar	Enebakk spelemannslag	?	Hallinglaget i Oslo
23. mar	Farande Fant	Bingsjøpolska	Sogn- og Fjordaneringen
30. mar	Solveig og Ole med venner	Stildans	Symra
6. apr	Fanteladdane	Finnskogspols	Hordaringen
27. apr	Tonje og Stein Magne	?	?
4. mai	Sofienberg spelemannslag	Stildans	Symra
11. mai	Dølalæte	Bodapolska	Sogn- og Fjordaneringen
17. mai	De Frilynde	17. mai!	Folkedansnemnda i BLS
25. mai	Solveien spelemannslag	?	?
01. jun	Østerdølenes spellmannslag	Utedans !	Bygdelagsstemne Bygdøy

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 80,- / ikkje-medlemmer kr 120,-

Inngang minikurs: Medlemmer og ikkje-medlemmer **berre kr. 120,-** som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld!)

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Les meir på: www.bls.no

e-post: bls@online.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: bls@ungdomslag.no

Styret i Hallinglaget 2013–2014

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 2252 2267 – heime 4820 4652 – mobil E-post: grangard@online.no
Nestleiar:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 4804 0062 – mobil E-post: beritsatelier@hotmail.com
Kasserar:	Elin Berget Slemdalsvingen 17, 0776 Oslo	Tlf: 9801 9910 – mobil E-post: elinberg04@hotmail.com
Skrivar:	Sigbjørn Galdal Skogveien 65F, 1640 Råde	Tlf: 4800 9581 – mobil E-post: Sigb-g@online.no
Medlemer:	Else Mohn Strømsveien 25, 0658 Oslo	Tlf: 9587 9270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
	Simon Hesselberg Løvald Vibes gate 10A, 0356 Oslo	Tlf: 9363 7316 - mobil, E-post: simonlovald@hotmail.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo
Tlf: 4820 4652
E-post: grangard@online.no

Medlemer: Svein Aasen og Hans Kilen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn
Strømsveien 25, 0658 Oslo
Tlf: 9587 9270 – mobil
E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Hilde Kirkebøen, Ingrid Eidsmo, Michel Gascoin og Trond Roseth.

Revisor: Alix Cordray
Tlf.: 2225 2949

Valnemnd: Ola Imset, Grete Iversen og Svein Aasen.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bls.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no .

Hallingbu



ERB
JR.96